

# KlubbAdmin/ Min Idrett

Dette er idrettens eiga løysing for klubbadministrasjon. Alle med registrert E-post-adresse får informasjon og muligheter for innbetaling av medlemskontingent via KlubbAdmin. Du kan sjølv logga deg inn og retta diverse opplysningar her. Viktig at fødselsår og E-post er rett. Logga deg inn via: **minidrett**

Medlemskontingent, gåve til Klypeposten og treningsavgift kan også betalast slik: (før opp kva det gjeld)

Nettbank - 3543 27 19365  
Vipps - 518783

## Hovudstyret – 2022

Leiar - Ingen.....  
Nestleiar - Olav Samland  
Styremedlem - Magne Berge  
Styremedlem - Rune Svendsen  
Kasserar - Elin Udstuen  
Varamedlem - Trygve Gunnar Bj. Henriksen

*IFK ynskjer alle ei flott julahelg!*

*og*

*eit godt nytt idrettsår!*



# 2022

## *Medlemsutsending*

### *Vil du støtta IF Klypetussen?*



Norsk Tipping betalar ut ein sum lik 7 % av tippeinnsatsen din til det laget du har valgt. Viktig at du knyter deg opp til eit lag. Det går ikkje ut over din innsats, premie eller vinnarsjangsar. Du kan når som helst skifta til ein annan mottakar av din Grasrotandel. Det kan du ordna hjå din lokale tippekommisjonær eller ved å gå inn på adressa under.

IF Klypetussen har nå 49 registrerte tippingar, og fekk i fjor tildelt 16 734,- kroner.

Takk for at du støttar ditt lokale lag via Grasrotandelen!

[www.grasrotandelen.no](http://www.grasrotandelen.no)

# Klypeposten

Redaksjonen i Klypeposten har i fleire år gjort ein kjempejobb for å få ut medlemsbladet. Spesielt så har dei jobba mykje for å få til jubileumsnummeret som er ute i desse dagar.

Alle husstandar som har medlemmer skal få bladet.

Har du ikkje fått, så send ei melding til styret.

Til opplysning så ligg bladet også ute på heimesida til IFK.

Redaksjonen har uttrykt stor takknemlighet til både annonsørar og dei som har gitt sitt bidrag til medlemsbladet!

## Treningsrommet

Det er gode muligheter for å trena med både tredemøller og ulike typar spinningssyklar.

Styrketreningsutstyret er brukande, men av dårleg kvalitet.

Tanken er å få fiksa opp rommet og få inn ein del nytt utstyr slik at interessa for å bruka rommet vert større.

Har du forslag til kva utstyr me bør få inn så vil me gjerne ha innspel. Kan senda forslag på e-post.


## Stål innsamling

I fjor sommar og haust hadde me innsamling av stål.

Dette vart levert til Norscrap Karmøy like over nyttår i år.

Då hadde me samla inn nok til at me fekk utbetalt over 27 000,-. Tanken er at overskotet skal brukast til utstyr i treningsrommet.

Me vil prøva ny innsamling til våren. Kjem tilbake med meir informasjon etter årsmøtet i slutten av februar. Men vil vera lik innsamling som sist.



Me fekk gjennomført Klypetusskarusellen i vår. Det starta med Trongjo Opp som Jubileumsløp den 2. april.

Langs Åkrafjorden gjekk også som planlagt i august, med 28 som var med i barneløpet.

Neste år vil Langs Åkrafjorden vera 26. august.

## Årsmøtet

Årsmøtet er i midten av februar.

Då er det viktig at dei som har lyst å gjera ein innsats for lokalsamfunnet blir med på laget.

Ta gjerne kontakt med Gisle Sellevold dersom du har gode forslag til å setja saman dei ulike styrer og grupper i laget.